

Morgonsalme

Syng i stille morgonstunder,
syng Gud Fader lov og ros!
Sjå, han gjer på ny det under:
kallar fram or mørkret ljøs!
Sjå, hans sol all skapning gyller,
alt med liv og lovsong fyller,
sjå hans kjærleiks smil i sky,
sjå kvar dag hans nåde ny!

E. Blix, NoS 799

Vår far

Vår far i himmelen,
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda
slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi og tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen.

Velsigning

Velsign oss, Gud Fader,
Velsign oss, Guds Son,
Velsign oss, Guds Heilage Ande.
Amen.

Liturgi for morgonbøn

Innleiing

L: Herre, Lat opp mine lepper

A: Så min munn kan lovprisa deg.

L: Gud, kom og berg meg

A: Herre, skund deg og frels meg

A: Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Morgonsalme

Tekstlesing og meditasjon

Bøn

L: Herre allmektige Gud, du som har gjeve oss ein ny dag, vi bed deg: Vis oss vegen og gjer oss villige til å gå den. Lei tankar, ord og gjerningar så vi gjer det som er rett, ved Son din Jesus Kristus, vår Herre.

A: Amen.

L: Lat oss framleis be høgt eller stille

Dei som bed avsluttar med: Gud vi bed deg.

A: Herre, høyr vår bøn.

A: Vår far i himmelen....

Velsigning

Sluttsalme



Møre bispedømme, Moldetrappa 1, 6415 Molde
Tlf. 71 25 06 70 www.kirken.no/more

Bøn gjennom veka



Møre bispedømme

Lat oss i dag be for...

Måndag

- at vi må vere ei kyrkje med rom for alle.
- våre næraste, at du må sjå til dei og verne dei frå fare.
- nabolaget vårt, at du må gi oss auge så vi kan sjå kvarandre og vise omtanke for naboane våre.
- tilsette og frivillige medarbeidarar, at du må leie dei og gi dei glede i tenesta.
- alle som sørgjer og ber tunge bører. Gi dei trøyst og send gode menneske i deira veg.
- Misjonsalliansen og deira diakonale arbeid.
- oss sjølve, at vi må glede oss over skaparverket og forvalte det til beste for dei som kjem etter oss.

Takk Gud, at vi får kvile i din nåde.

Tysdag

- alle tilsette i Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre prosti
- at dine tenarar får visdom og mot til å forkynne ordet ditt til tru, etterfølging og teneste.
- førebuingane til gudstenestene komande søndag.
- trusopppløringa i kyrkjelydane og Ungdomsåret, at barn, unge og vaksne får erfare kva det vil seie å tru på deg.
- kulturarbeidet i kyrkjelydane, at det opnar kyrkja mot lokalsamfunnet og hegnar om den kristne kulturarven.
- våre vennskapsbispedøme, Newcastle bispedøme i England og Nordre Bispedøme i Ungarn.
- misjonæranne som er sendt ut frå Møre, at du må verne dei og styrke dei i tenesta.
- Det Norske Misjonsselskap og deira arbeid saman med kyrkjer i mange land.

Takk, Herre Jesus, at du i dåpen gjev oss del i ditt kall og oppdrag.



Onsdag

- alle tilsette i Austre Sunnmøre prosti og Indre Romsdal prosti.
- tilsette i skular og barnehagar, at dei kan skape gode og trygge læringsmiljø.
- samarbeidet mellom kyrkja, skulen og barnehagane
- diakoniarbeidet i kyrkjelydane, at du må kalle menneske til teneste for nesten.
- fattige og undertrykte i verda, og for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i område med krig, katastrofer og svolt.
- Kirkens SOS, at alle som ringer dit kan få møte ein medvandrar og få nytt mot.
- Normisjon og deira arbeid for at menneske skal kome til tru på deg.

Takk for at du er med, også på vonde og vanskelege dagar.

Torsdag

- alle tilsette ved bispedømekontoret og i Domprostiet.
- kyrkjerådet, preses og kyrkjerådsdirektør.
- biskopen vår, prostane, bispedømerådet, fellesråda og sokneråda.
- om gode oppveksttilhøve for barn og ungdom, og at dei må finne ein heim i kyrkja.
- alle som er utsette for overgrep og krenkingar, at dei må få hjelp i tide.
- at alle med makt må bruke makta si med varsemnd og klokskap.
- Stefanusalliansen og for alle menneske som vert forfølgde for trua si.
- Den Norske Israelsmisjon og deira arbeid for fred og forsoning.

Takk for alle som vender seg til kyrkjelydane for å søke deg.

Fredag

- alle tilsette i Indre Nordmøre prosti og Ytre Nordmøre prosti.
- Stortinget og lokale politikarar, at du må gi dei visdom og mot.
- smågrupper og fellesskap i kyrkjelydane, at du må gi dei tru og kjærleik.
- alle som slit med sjukdom, at du må gi dei håp og livsmot.
- det kyrkjemusikalske arbeidet, at mange gjennom det får erfare ditt nærvær.
- samarbeidet mellom kristne i lokalsamfunna våre.
- asylsøkarar og Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) i kyrkje og samfunn.
- Areopagos og deira arbeid mellom menneske som søker og leitar etter deg.
- Himalpartner og deira misjons- og utviklingsarbeid i Nepal.

Takk for vennskap og gode medarbeidarar.

